

108. ¹ Tone: blandt alle lande i aust aa vest

Me syngja gildt um vort fedreland
Um folkeferdi um byrd aa stand
Um elsk aa trevna
Aa *visleg levna*
Kring bygd aa strand

De vænt aa vyrdsamt aa høyra slikt
At folkje hevdar sin rett aa plikt
Forutan kvia
For rettfær stria
So aalvorslegt

So vist da viser seg glupt aa blaankt
Aa vist ein trur væra komen langt
Til gagn aa æra
Daa alt skal væra
Igjønomfjongt.

Men er det sanning so meinte eg
At meira elsk skulde syna seg
I Yrkje, vyrdna
I stell aa *styrna*,
Seg bana veg.

Aaa døma etter det so ein ser
So er det vesalt vor karakter.
Ei rust so greve
Eitt *aat* so leve
So *kneg* aa skjær.

So mykje dupleik ein pratar paa
Jau skryt aa *skrepp* er her *nau* utaa.
Ein meir skal gjera
I da vil væra
Meir liv aa sjaa

Eitt orgel lagast no alltid so
At da skal gjeva eit vakkert *ljo*
Aa so kvar fela
So paa ein spela
Vert ekstra god

Er folk som fela aa orgel no?
Der ikkje høyre sit eige *ljo*.
So er da illa
Ein berre *gyla*
Aa laata so

Ein slipestein kvesse staale han
Men sjølv han bit ikkje minsta grann
Aa jau ein slipe
Aa bita lite
Ein likna han.

De altfor illa, um da er so
Ein ikkje høyre sit eiga *ljo*
So andfuldt preika
Aa inkje streika
Mot kjøt aa blod

Hei gravrust tære ein faar da sjaa
Ein utrskap baate til aa fraa
Eit liv i fylla
Paa rusti gylla
Vænt utanpaa.

Nei rett aa sanning aa likheit er
Dei stora magte so live bær.
So elskjen fremja
Aa udom temja
So rusti fær.